







EID KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE					
Møtestad:	Møterommet 1. etg	Møtedato:	10.06.2013	Frå kl.:	10:00
				Til kl.:	12:45
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:					
	Møtte:	Forfall:	Merknader:		
Roy Andre H Bruvoll	X				
Kristen Hundeide.	X				
Hilde Henriksen.	X				
Siv Emdal.	X				
Per Tore Borgund	X				
Personlege varamedlemmer:					
	Møtte:				
Ida Elisabeth Lien Ohrvik					
Karin Husevåg					
Eivind Bjørke					
Terje Johnsen					
Kåre Nils Os					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Andre som møtte:					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Kommunlåsje Elin Leikanger 20 - 24 og 28 - 32/13. Rådmann Ørjan Raknes Forthun, sakene 20 - 24 og 28 - 32/13. Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Gunnar Ryste sak 022/13.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:					
SAKLISTA I MØTET:					
20/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.					
21/13 Skriv og meldingar.					
22/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av bygningar.					
23/13 Orientering – Handtering av bu- og driveplikt opp mot konsesjonslova.					
24/13 Orientering - Masseuttak Eid kommune.					
25/13 Orientering politiske styre Eid kommune					
26/13 Oppfølgingsliste 3-2013 Eid					
27/13 Eventuelt					
28/13 Rekneskap prosjekt 4711 Golvsengane bustadfelt.					
29/13 Rekneskap prosjekt 4506 Grovavfallsplass Haugen					
30/13 Rekneskap prosjekt 4481 Hovudplan bygg 2012.					
31/13 Rekneskap prosjekt 4351 Maskiner driftsavdelinga 2012.					
32/13 Rekneskap prosjekt 4325 Maskin-/bilkjøp teknisk, rekneskap pr 18.03.2013.					
Merknader:					
UNDERSKRIFTER:					
 Roy Andre H Bruvoll (leiar)		 Siv Emdal		 Kristen Hundeide	
 Per Tore Borgund		 Hilde Henriksen		 Asgeir Tveit, sekretær	

020/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

021/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat
Dato: 03.06.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 07-13: Vedtak kst sak 035/13 Rekneskap Eid Fjordvarme KF 2012.

SM 08-13: Vedtak kst sak 037/13 Rekneskap 2012 – Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

022/13 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – ”VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR» – EID KOMMUNE.

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	10.06.2013	022/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsrapport: ”Vedlikehald av bygningar”, datert 09. juni 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalsvedtak 036/12 og 054/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehald av kommunale bygningar i Eid kommune» datert 09.06.2013.
- Kommunestyret sluttar seg til tilrådinga i rapporten som lyder slik:
*Det er manglande samsvar mellom uttrykte målsettinga og budsjettvedtak for vedlikehaldsområdet i Eid kommune. I det følgjande viser vi til nokre tiltak som vi ser som viktig at kommunen vurderer i sitt vidare arbeid med bygningsvedlikehaldet:
Etter vår vurdering bør Eid kommune innarbeide mål for vedlikehaldsarbeidet i ny, revidert kommuneplan.
For å gjere dei overordna måla i den langsiktige kommuneplanen målbar, ser vi det som viktig at dei vert operasjonalisert i ein separat temaplan.
Det kan vere nyttig for kommunen å definere eit ambisjonsnivå for kva som er eit akseptabel tilstand og standard for dei kommunale bygningane. Sidan det er kommunestyret som er formell eigar av dei kommunale bygga, bør ambisjonsnivået ha ei politisk forankring.
Ei synleggjering av vedlikehaldsunderskotet i rekneskapen vil etter vår meining auke informasjonsverdien og få fram ei opplysning som elles ikkje er tilgjengeleg.
Dei økonomiske rammevilkåra held ikkje tritt med vedlikehaldsbehovet. Ei gradvis oppbygging av eit vedlikehaldsfond (bufferfond) kan dempe svingingane i utgiftsbehovet og skape meir føreseielege budsjettutgifter på området.*
- Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide planar og rutinar som er i samsvar med tilrådinga til revisor.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehald av kommunale bygningar i Eid kommune» datert 09.06.2013.
- Kommunestyret sluttar seg til tilrådinga i rapporten som lyder slik:
*Det er manglande samsvar mellom uttrykte målsettinga og budsjettvedtak for vedlikehaldsområdet i Eid kommune. I det følgjande viser vi til nokre tiltak som vi ser som viktig at kommunen vurderer i sitt vidare arbeid med bygningsvedlikehaldet:
Etter vår vurdering bør Eid kommune innarbeide mål for vedlikehaldsarbeidet i ny, revidert kommuneplan.
For å gjere dei overordna måla i den langsiktige kommuneplanen målbar, ser vi det som viktig at dei vert operasjonalisert i ein separat temaplan.
Det kan vere nyttig for kommunen å definere eit ambisjonsnivå for kva som er eit akseptabel tilstand og standard for dei kommunale bygningane. Sidan det er kommunestyret som er formell eigar av dei kommunale bygga, bør ambisjonsnivået ha ei politisk forankring.
Ei synleggjering av vedlikehaldsunderskotet i rekneskapen vil etter vår meining auke informasjonsverdien og få fram ei opplysning som elles ikkje er tilgjengeleg.
Dei økonomiske rammevilkåra held ikkje tritt med vedlikehaldsbehovet. Ei gradvis oppbygging av eit vedlikehaldsfond (bufferfond) kan dempe svingingane i utgiftsbehovet og skape meir føreseielege budsjettutgifter på området.*
- Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide planar og rutinar som er i samsvar med tilrådinga til revisor.
- Ved definisjon av vedlikehaldsbehovet bør ein skilje mellom løpande vedlikehald og oppgradering som følgje av endra lover og forskrifter.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – ”VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR» – EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport ”Vedlikehald av bygningar” – Eid kommune, datert 09.06.2013.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

”Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).”

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

”Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

§ 11. Rapportar om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.”

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført med bakgrunn i tingingsdokument i kontrollutvalsvedtak 036/12.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet er datert 09.06.2013.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar og det er gjeve følgjande vurdering/konklusjon/tilråding på problemstillinga

Problemstilling 1.

I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygg i Eid kommune?

Saka er førebudd på ein slik måte at kommunestyret ikkje har vedteke eit strategidokument, men dei målsettingane som går fram av notat av 14.04.2010. Eid kommune har såleis politisk vedtekne mål for vedlikehald av kommunale bygg, men ikkje ein strategi for korleis desse måla skal nås. Ein vedlikehaldsstrategi for kommunale bygningar bør kunne utleiast av kommunens overordna styringsdokument.

Eid kommunestyre vedtok i sak 035 i 2010 at «bygningane skal haldast ved like slik at verdien ikkje vert forringa». Dette er berre ei overordna målsetting som ikkje er operasjonalisert. Ho forpliktar ikkje kommunestyret på ein målbar måte.

Problemstilling 2.

I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehaldet av kommunale bygg?

Tilstandsvurdering

Dei IT-baserte systema som kommunens driftsavdeling disponerer representerer ein enklare og meir effektiv måte å innhente, strukturere og dokumentere styringsinformasjon om bygningstilstanden for dei kommunalt eigde bygningane. Dette dannar eit godt grunnlag for identifisering og prioritering av vedlikehaldsarbeidet, og er i samsvar med kommunens vedtekne vedlikehaldsstrategi.

Vedlikehaldsplanar

Dei tiltaksplanane som blir generert ut frå denne faktainformasjonen bør etter vår vurdering forankrast sterkare i ny kommuneplan. I eit temahefte frå KoBE berekna på folkevaldopplæringa blir det uttalt at

«systematikken rundt arbeidet med kommuneplan og økonomiplan bidrar også til å sette investeringer og FDVU-kostnader i eit langsiktig perspektiv, som bundne utgifter knyttet til ansvarlig eierskap og opprettholdelse av bruksverdien av bygninger». I ein kommune med stram økonomi er det etter vår vurdering viktig at prioriteringa av vedlikehaldsmidlane skjer på grunnlag av eit faktabasert avgjerdsgrunnlag.

Brukarbehov

Modulen «arbeidsbok» i det web-baserte systemet V-Pro gjer det enklare for brukarane å melde inn sine behov til driftsavdelinga. Brukartilfredsheit er eit viktig kriterium på god eigedomsforvaltning, og oppfyljing av brukarbehov bør derfor vere eit sentralt mål. Vi vil her presisere at brukarbehovet ikkje må i forhold til vedlikehald, men i forhold til eigedomsforvaltning i vid forstand.

Ansvars- og rollefordeling

Praktiseringa av rolle- og ansvarstilhøva skjer etter revisjonen si vurdering på ein god måte. Vi ser det likevel som viktig at rolle- og ansvarstilhøva blir klarare definert i kommunens plansystem.

Dagens organisering av eigedomsdrifta som ein integrert del av kommunen som rettssubjekt, gjev etter vår meining eit sterkare grunnlag for direkte politisk styring enn ei organisering

etter selskapsrettslege styringsprinsipp. Alternativ organisering av eigeomsforvaltning kan likevel inngå som tema i ein kommunes strategiske planlegging. Døme på alternativ organisering kan vere:

- Interkommunalt samarbeid
- Intern husleigeordning
- Selskapsbasert organisering av bygningsforvaltninga
- Eigarskap eller leige

Problemstilling 3.

På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikehaldet av kommunale bygg til politisk nivå?

Administrasjonen bør periodisk rapportere til kommunestyret om utført vedlikehaldsarbeid, bygningsmassens tilstand, og vedlikehaldsbehov. Rapportering bør også dokumentere avvik frå vedtekne mål, strategiar og vedlikehaldsplanar.

Ei synleggjering av vedlikehaldsettersteplet i den kommunale rekneskapen representerer etter vår meining ein vesentleg styringsinformasjon som kan virke inn på resultatet av den politiske prioriteringsdebatten. Informasjon om vedlikehaldsunderskotet kan skje i forma av noteopplysning til rekneskapen¹⁸. Ein slik noteopplysning er ikkje obligatorisk, men vil etter vår meining auke rekneskapen sin informasjonsverdi.

Sjølv om funksjonskontoplanen i KOSTRA skil mellom brukarretta tenesteyting og FDV av lokale/bygg, kan informasjon om formålsbygg vere knytt opp mot tenesteområdet. Dårleg vedlikehald på ein sjukeheim eller skule får gjerne først fokus når bygningstilstanden begynner å få negativ innverknad på teneste-ytinga (brukareffekt).

Problemstilling 4.

Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehald?

Vedlikehaldsettersteplet representerer ei langvarig underfinansiering av bygningsvedlikehaldet, noko som har både årsaker og konsekvensar. Konsekvensane er vanlegvis godt kjent, medan årsakene kan vere mange.

I ein rapport utarbeidd for kompetanseprogrammet KoBe21 heiter det:

«Det uttrykkes regelmessig, i ulike rapporter, undersøkelser, konferansar og seminarar, at det er nødvendig å få politikarane til å forstå behovet for godt vedlikehold. Dette kan, etter denne forfatters oppfatning, ikkje vere noen rimelig forklaring på vedlikeholdstilstanden i kommunesektoren. Politikarane er i stor grad, som resten av det norske folk, hus- eller hytteeiere, og de aller fleste slike vet at om man utsetter vedlikeholdstiltak for lenge vil kostnadene øke betydelig. Det synes å vere grunn til å anta at forklaringen på den manglende prioriteringen av vedlikehold i større grad knytter seg til politikarane sine omfattende utfordringar og hverdag, samt det 4-års perspektivet de naturleg har på sin innsats, enn mangel på forståelse av betydningen av godt vedlikehold. Erkjennelsen av størrelsen på de langsiktige økonomiske konsekvensar kan imidlertid vere for dårleg.»

Eid kommune ligg lågt i forhold til alle dei tre normtala på sumnivå (alle føremålsbygg).

Det er mogleg å møte utfordringa gjennom øyremerkte avsetningar til eit vedlikehaldsfond.

Det er store utgifter knytt til investeringar i nybygg, ombygging og årleg forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Investeringsutgiftene har ein kort tidshorisont, medan drifts- og vedlikehaldsutgiftene har ein vesentleg lenger tidshorisont. Når kommunestyret gjer vedtak om investeringsramma, skal dei driftsmessige konsekvensane opplysast i saksutgreiinga, jf. Eid kommune sitt investeringsreglement. Dette betrar avgjerdsgrunnlaget for kommunestyret ved at investeringsutgifta kan bli sett i samanheng med dei etterfølgjande utgiftene som nybygget genererer.

Revisor har følgjande avsluttande tilråding i rapporten:

Det er manglande samsvar mellom uttrykte målsettinga og budsjettvedtak for vedlikehaldsområdet i Eid kommune. I det følgjande viser vi til nokre tiltak som vi ser som viktig at kommunen vurderer i sitt vidare arbeid med bygningsvedlikehaldet: Etter vår vurdering bør Eid kommune innarbeide mål for vedlikehaldsarbeidet i ny, revidert kommuneplan.

For å gjere dei overordna måla i den langsiktige kommuneplanen målbar, ser vi det som viktig at dei vert operasjonalisert i ein separat temaplan.

Det kan vere nyttig for kommunen å definere eit ambisjonsnivå for kva som er eit akseptabel tilstand og standard for dei kommunale bygningane. Sidan det er kommunestyret som er formell eigar av dei kommunale bygga, bør ambisjonsnivået ha ei politisk forankring.

Ei synleggjering av vedlikehaldsunderskotet i rekneskapen vil etter vår meining auke informasjonsverdien og få fram ei opplysning som elles ikkje er tilgjengeleg.

Dei økonomiske rammevilkåra held ikkje tritt med vedlikehaldsbehovet. Ei gradvis oppbygging av eit vedlikehaldsfond (bufferfond) kan dempe svingingane i utgiftsbehovet og skape meir føreseielege budsjettutgifter på området.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Rådmannen har gjeve si tilbakemelding på rapporten i epost. Han skriv følgjande: «Eid kommune har ikkje merknader til rapporten. Eid kommune sluttar seg til konklusjonane i rapporten. Rapporten gir gode innspel til forbetningsområde innan dette tema».

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann er innkalla til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. ”

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *”Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet.”*

Som følge av ovanfor ståande vidarefører vi i hovudsak revisor si tilråding som kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret.

023/13 HANDTERING AV BU- OG DRIVEPLIKT OPP MOT KONSESJONSLOVA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	023/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-postv frå Sekom sekretariat til Eid kommune om «Orientering – Handtering bu- og driveplikt opp mot konsesjonslova».

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 018/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

Kommunalsjef Elin Leikanger orienterte.

Plan- og utvikling har arbeidsområdet.

Har system med oversikt.

Skilje mellom nært slektskap og ikkje nært slektskap.

Buplikt.

Driveplikt.

Meiner at kommunen har eit godt system og følgjer regleverket på området.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Saksutgreiing

HANDTERING AV BU- OG DRIVEPLIKT OPP MOT KONSESJONSLOVA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om handtering av bu- og driveplikt opp mot konsesjonslova.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 17.04.2013 under sak 018/13 vedtok kontrollutvalet bl a. følgjande:

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til møtet 10. juni 2013 for å orientere om korleis bu- og driveplikta i Eid kommune vert handtert opp mot konsesjonslova.

31.05.2013 er Eid kommune orientert om vedtaket og rådmannen er kalla inn til møtet i saka.

024/13 MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Sekom sekretariat til Eid kommune om masseuttak i Eid kommune, datert 29.11.13.
- Brev frå Eid kommune til Sekom sekretariat med tilsvar til kontrollutvalet om masseuttak i Eid kommune, datert 03.01.2013.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Brev frå Sekom sekretariat til Eid kommune om masseuttak i Eid kommune, datert 29.11.13.
- Brev frå Eid kommune til Sekom sekretariat med tilsvar til kontrollutvalet om masseuttak i Eid kommune, datert 03.01.2013.
- Kontrollutvalsak 048/12 og 04/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Saka vert utsett til neste møte.

MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om masseuttak i Eid kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det diskutert kring masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 tok kontrollutvalsleiar kontakt med Sekom sekretariat der det vart bede om å hente inn informasjon om masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med følgjande spørsmål om masseuttak i Eid kommune:

1. Kor mange masseuttak er det i Eid kommune som er godkjende av Bergverket?
2. Kven har avtale og kor lenge har dei enkelte av desse avtalar om å ta ut masse? Dette både opp mot grunneigar og kommunen.
3. Kven i kommunen har ansvar for masseuttak, og kven følgjer opp avtalane og planane for dei enkelte masseuttaka?
4. Har kommunen system for å kontrollere at områda for masseuttaka er avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?
5. Er områda for masseuttaka pr i dag avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?

Eid kommune har svart på brevet 30.10.2012.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 27.11.2012. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.*
- *Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.*

På grunnlag av dette vedtaket sendte Sekom sekretariat brev til Eid kommune og bad om nemnte opplysningar. Eid kommune svarte i brev av 03.01.2013. Ved brevet låg oversikt over dei tilsyn som hadde blitt utførde, samt merknader til desse.

Av brevet frå kommunen gjekk det også fram at for Lidastranda, som det var spurt særskilt om, er slik at området er regulert til masseuttak i arealdelen av kommuneplanen, men då med krav om reguleringsplan. Slik reguleringsplan eksisterer ikkje og området er såleis ikkje godkjent som masseuttak av kommunen. Kommunen er heller ikkje kjend med at ein slik reguleringsplan er under utarbeiding.

Det vert vist til brevet frå rådmannen for nærare detaljar.

Saka vart handsama i kontrollutvalsmøte 27.02.2013.

I kontrollutvalssak 004/13 Masseuttak Eid kommune gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*
- *Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar.*
- *Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.*

Det er ikkje motteke noko svar frå kommunen på dette. I epost 31.05.2013 er det på nytt bede om skriftleg svar og informert om at rådmannen vert kalla inn til møtet for å orientere.

025/13 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	025/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling, kulturstyret.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følge opp.

026/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	10.06.2013	026/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 3-2013 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 3-2013 – Eid vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 03. juni 2013.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune.	09.06.11		Tilråding frå KU til kst: <ul style="list-style-type: none"> - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport "Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune", datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpsamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015. 09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU. Sjå sak 031/12 og 47/12.
031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU –Kontrollutvalet ber rdm om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp. 27.06.12 Brev til Eid kommune. 04.09.12 Ikkje fått svar, bede om munnleg orientering i møte 11.09.12. Sjå sak 35/12 og 45/12.
035/12Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen	13.06.12		11.09.12 Vedtak KU: <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande. - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp. - Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit

			<p>tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.</p> <p>12.09.12 Brev s Eid kommune</p> <p>Sjå sak 45/12</p>
036/12 Tinging fv prosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar»	11.09.12		<p>11.09.12 Vedtak KU –</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tingingsdokument for fv-prosjektet «Drift og vedlikehald av bygningar» vert godkjent. - Tingingsdokument vert s KIN for operasjonalisering. <p>12.09.12 Tinging s. KIN</p>
045/12 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen.	27.11.12		<p>27.11.12: Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.</p>
048/12 Masseuttak eid kommune.	27.11.12		<p>27.11.12: Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket. <p>29.11.12 Brev til Eid kommune</p> <p>03.01.13 Svarbrev frå Eid kommune.</p>
003/13 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen	27.02.13		<p>27.02.13 Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet ber rdm orientere i saka i ku møte 17. april 2013. Kontrollutvalet vil etter dette sende melding om saka til kst til deira møte 2. mai 2013.</p>
004/13 Masseuttak Eid kommune.	27.02.13		<p>27.02.13 Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet tek orientering til vitande. Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.</p> <p>31.05.13 E-post sendt.</p>
005/13 Revisor si eigenvurdering av ubundenskap.	27.02.13		<p>27.02.13 Vedtak KU</p> <p>Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.13 til vitande. Saka vert sendt til kst til orientering.</p>
006/13 Møteplan 2013.	27.02.13		<p>27.02.13 Vedtak KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2013 vert godkjent.
007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.	27.02.13		<p>27.02.13: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.</p>
010/13 Eventuelt	27.02.13		<p>27.02.13 Kontrollutvalet vil til neste møte kalle inn rdm for å orientere om kva tiltak som vil bli sett i verk for at personlege opplysningar som ikkje er offentlege etter offentleglova vert lagt ut på heimesida til kommunen.</p>
011/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	17.04.13		<p>17.04.13 Vedtak KU – Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.</p>
012/13 Skriv og meldingar.	17.04.13		<p>17.04.13 Vedtak KU – Teke til vitande.</p>
013/13 Årsrekneskapen 2012 – eid kommune	17.04.13		<p>17.04.13 Tilråding til kst.</p>

014/13 Årsrekneskapen 2012 – Eid Fjordvarme KF	17.04.13		17.04.13 tilråding til kst
015/13 Orientering forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen.	17.04.13		<p>17.04.13 Rådmannen orienterte:</p> <p>KS har minimumskrav til plandokument. Eid har tre punkt som det må takast tak i i høve til dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Innkjøpsreglement. Sikre at lover, reglar, avtalar og budsjett vert følgde mm. Har sett på korleis Oslo gjer det. Vil bruke noko av det som mal for å utarbeide plandokument for Eid kommune. Politisk sak. Møte om dette førstkomande fredag 19.04.2013. 2. Etiske retningslinjer. Funne eit godt grunnlag for dette som det vil bli teke utgangspunkt i og laga ei sak som skal handsamast administrativt og politisk. Politisk sak 3. Leiaravtalar. Regulerer og definerer kva ansvar den enkelte har. Administrativ sak. <p>Eid kommune skal ha alt dette på plass innan juni 2013. Dette vil så liggje dokumentert i kvalitetslosen.</p> <p>Kontrollutvalet sitt vedtak: Kontrollutvalet tek saka til orientering.</p>
016/13 Orientering tiltak for at ikkje offentlege opplysningar vert lagde ut på heimesida til Eid kommune.	17.04.13		17.04.13 Vedtak KU – Orienteringa teken til vitande.
017/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Eid	17.04.13		17.04.13 Vedtak KU – Tekentil vitande.
018/13 Eventuelt	17.04.13		<p>17.04.13 Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til møtet 10. juni 2013 for å orientere om korleis bu- og driveplikta i eid kommune vert handtert opp mot konsesjonslova.</p> <p>31.05.13 E-post sendt.</p>
019/13 Orientering politiske styre eid kommune.	17.04.13		17.04.13 vedtak KU – Tekentil vitande.

Oppdatert 03.06.2013.

027/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 03.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	027/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

**028/13 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4711 GOLVSENGANE
BUSTADFELT**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	028/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4711 Golvsengane bustadfelt.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4711 GOLVSENGANE BUSTADFELT
Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4711 Golvsengane bustadfelt. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 22.121.822,21. Budsjettramma for prosjektet var kr. 24.050.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 1.928.177,79.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert, og at det pr. 30.04.13 står att ubrukne lån på kr. 2.759.506,86.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast..

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

**029/13 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4506 GROVAVFALLSPASS
HAUGEN PR 31.12.12**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	029/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4506 Grovavfallsplass Haugen pr 31.12.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4506 GROVAVFALLSPASS HAUGEN
PR 31.12.12**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4506 Grovavfallsplass Haugen pr 31.12.12 Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 869.636,-. Budsjettramma for prosjektet var kr. 1.000.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 130.364,-.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert, og at det står att ubrukte lån på kr. 130.364,-.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast..

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

030/13 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4481 HOVUDPLAN BYGG 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	030/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4481 Hovudplan bygg 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4481 HOVUDPLAN BYGG 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4481 Hovudplan bygg 2012. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 1.407.498,60. Budsjettramma for prosjektet var kr. 1.407.500,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 1,40.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast..

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg re.

031/13 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4351 MASKINER DRIFTSAVD 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	031/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4351 Maskiner driftsavd 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4351 MASKINER DRIFTSAVD 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4351 Maskiner driftsavd 2012. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 2.578.442,25. Budsjettramma for prosjektet var kr. 2.500.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit meirforbruk i høve til budsjett på kr. 78.442,25.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert og korleis meirforbruket vil bli finansiert..

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis meirforbruket skal finansierast..

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg re.

**032/13 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4325 MASKIN-/BILKJØP
TEKNISK REKNESKAP PR 18.03.13**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.06.2013	032/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4325 Maskin-/bilkjøp teknisk rekneskap pr 18.03.13

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4325 MASKIN-/BILKJØP TEKNISK
REKESKAP PR 18.03.13**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4325 Maskin-/bilkjøp teknisk rekneskap pr 18.03.13. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 986.655,-. Budsjettramma for prosjektet var kr. 1.000.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 13.345,-.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert og korleis mindreforbruket er disponert.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.